



Meland kommune

Møteprotokoll for Ungdomsrådet

Møtedato: 08.03.2018
Møtestad: Formannskapssalen
Møtetid: 14.00 - 17.00

Til stades: Silje Nordal, Susanne Slettebakken, Nathaniel Andersen, Lars Teigland, Marius Thorvaldsen, Bjørn Sagstad, Ida Herland og Daniella Josephine Fennely og Bettina Tvedt (gikk kl. 14.52) og Jonas Askeland (kom kl 15.30).

Vara: Elias Jordan El Fakraoui

Ikkje møtt: Simon F. Elisertsen, Synne Matre.

Desse møtte frå administrasjonen:

Anette Hesjedal – Prosjektleder «Trygt og godt oppvekstmiljø»

Møteleder Susanne Slettebakken

Møtesekretær Ane Bysheim

Sakliste

Saknr	Tittel
08/2018	Godkjenning av innkalling og sakliste
09/2018	Godkjenning av møtebok
10/2018	Val av representantar til arbeidgruppe som skal jobbe med "Ungdomsråd i Alver"
11/2018	Referatsaker
12/2018	Presentasjon av prosjektleder "«Trygt og godt skule- og oppvekstmiljø»"
13/2018	Ungdomsrådet: val, vara og synlegheit
14/2018	Aktuelle saker

08/2018: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

"Innkalling og sakliste vert godkjent."

08.03.2018 UNGDOMSRÅDET

UR - 08/2018 VEDTAK:

"Innkalling og sakliste vert godkjent."

09/2018: Godkjenning av møtebok

Rådmannen sitt framlegg:

"Møtebok vert godkjent."

08.03.2018 UNGDOMSRÅDET

UR - 09/2018 VEDTAK:

"Møtebok vert godkjent."

10/2018: Val av representantar til arbeidgruppe som skal jobbe med "Ungdomsråd i Alver"

Rådmannen sitt framlegg:

08.03.2018 UNGDOMSRÅDET

3 kandidater medlte seg i møtet: Sussanne Slettebakken, Daniella Josephine Fennely og Bettina Tvedt. Det vart holdt valgtalar og vi skriftleg avtemning:
Susanne 7, Bettina 6, Daniella 3

UR - 10/2018 VEDTAK:

"Ungdomsrådet i Meland sender leiar sender Susanne Slettebakken og Bettina Tvedt som representantar til arbeidsgruppa som skal jobbe med Alver"

11/2018: Referatsaker

Rådmannen sitt framlegg:

"Meldingane vert tekne til orientering."

08.03.2018 UNGDOMSRÅDET

UR - 11/2018 VEDTAK:

"Meldingane vert tekne til orientering."

12/2018: Presentasjon av prosjektleder "«Trygt og godt skule- og oppvekstmiljø»

Rådmannen sitt framlegg:

08.03.2018 UNGDOMSRÅDET

Anette Hesjedal presenterte seg for Ungdomsrådet. Etter presentasjonen hadde vi ein runde der kvar representant fekk komme med innspel og tankar rundt tema mobbing/trygg oppvekst, og litt diskusjon rundt desse:

Bettina Tvedt "Det er få vaksne som ser mobbing - det blir oversett. Unge ser kva som skjer. Trakassering, truslar og stygge kommentarar vert ikkje tatt på alvor/tatt tak i."

Silje Nordal "Er det nok vaksne ute i friminutta?" "Kvifor er det så stor forskjell på kulla? Om 10-ende klasse er uroleg sprer det seg til dei andre klassane." "Zero fungerer ikkje - for lite aktivitet - Zero-vegg og grilldag er ikkje nok."

Susanne Slettebakken "Vaksne må sette grenser for akseptabel oppførsel." "Barn skal læra at dei ikkje skal mobba, men foreldre må og lærast opp. Miljøet er veldig "gjengete" som ekskluderer dei som f.eks. ikkje går på ein bestemt skule/aktivitet."

Daniella Josephine Fennely "Det bør være fritidsklubb for dei som er under ungdomskulealder. Tilbodet bør være gratis (eller lavt prisa) og ofte som tilbodet på Tveit"

Nathaniel Andersen "Vi treng meir undersøking om mobbing"

Lars Teigland "Danielsen har lite problem med mobbing, men det er mykje "henging på butikken" og lite engasjement for eigenstyrt aktivitet"

Marius Thorvaldsen "Det er manglar grensesetting i aktivitet og språkbruk. Lærarar må være konsekvent og samstemt"

Elias Jordan El Fakraoui "Det er ikkje så mykje fysisk mobbing - meir psykisk"

Bjørn Sagstad "Ønskjer at Meieriet skal bli ferdig med opningstider rett etter skuletid"

Under diskusjon kom det fram at det ønskjast meir fokus på spel og sosiale - kanskje som ei spesialveke, etterlysast betre samhandling mellom barn og unge - det vert poengtert at assistentane har betre kontakt med dei unge enn lærarane.

UR - 12/2018 VEDTAK:

"Ungdomsrådet er begeistra for at prosjektleiaren er på plass og ser fram til vidare samarbeid"

13/2018: Ungdomsrådet: val, vara og synlegheit

Rådmannen sitt framlegg:

Skriv framlegg her

08.03.2018 UNGDOMSRÅDET

Ungdomsrådet ønskjer at det skal opplysast på skulane før valga av nye representantar om hausten. Silje, Elias og Susanne skal lage ein P.P. presentasjon om ungdomsrådets arbeid. Ane kallar inn til møte.

Silje jobbar med å lage ei facebookside

Ungdomsrådet ønskjer å endre praksis ved å invitere vara representantar med på alle møter. Dette blir gjort for å få fleire engasjerte ungdommar med. Vara har ikkje stemmerett om representanten er til stades.

UR - 13/2018 VEDTAK:

"Ungdomsrådet oppmodar vararepresentantar til å stilla i møte. Alle representantar og vara gir tilbakemelding i messenger om dei kjem eller ikkje."

14/2018: Aktuelle saker

Rådmannen sitt framlegg:

08.03.2018 UNGDOMSRÅDET

UR - 14/2018 VEDTAK:

"Ingen aktuelle saker"
